

- www.initiativvest.no -



Vestlandsakademiet
**To år med
akademi**

Foto: Truls Lerø

Av Tommy Aarethun





Foto: Truls Lerø

VESTLANDSAKADEMIET

Gjennom Vestlandsakademiet samlar vi unge vestlendingar mellom 20 og 35 år innan politikk, samfunn, kultur, idrett, frivillighet, næringsliv og øvrig samfunnsliv for å gi dei innsikt i og kunnskap om viktige trendar og tematikker for Vestlandet.

Deltakarane i akademiet får tilgang til nettverk, foredrag og drøftingar om tema som vil vera viktig for Vestlandet, Noreg og verda i åra som kjem.

[Les meir om akademiet her.](#)



INNLEIING

- Å delta i Vestlandsakademiet er noko eg anbefaler til alle! Å lære, diskutere og verte utfordra av andre engasjerte har vore utruleg givande. Vi treng å treffast på tvers av sektorar og geografi, der er Vestlandsakademiet i ein særklasse.

- **Gjermund K. Langset, deltar i kull #1.**

Etter to år med Vestlandsakademiet er det grunnlag for å konkludere med at prosjektet er blitt ein suksess.

Gjennom ei rekke samlingar, både fysisk og digitalt, har vi lagt til rette for at 40 unge og talentfulle vestlendingar har fått møte kvarandre, skape nye bekjentskap og venskap, og drøfta viktige saker for regionen.

Vi har også utfordra dei, og invitert dei inn til å ta del i andre arenaer som dei ikkje tidlegare har vore ein del av.

Vi meiner at akademiet bidreg både til å løfte fram nye røyster på Vestlandet, og til å utvikle ein kultur for meir samhandling på tvers av både fjordar og fylkesgrenser.

Tommy Aarethun

Prosjektleiar



KULL #1:

I det fyrste kullet valte vi å gå for eit litt lågare tal deltagarar enn kva som var planlagt, for å sikre at det faglege opplegget vart godt og at gjennomføringa skjedde på ein god måte.



Foto: Truls Lerø

Desse deltok i det fyrste kullet av Vestlandsakademiet:

- Gjermund Kvernmo Langset - Ålesund
Jonas Økland - Oslo/Bærum
Torstein Fjellteit Skagseth - Bergen
Emilie Flønes - Bergen
Eirin Aardal - Sunnfjord
Hanne Vamråk Solheim - Bergen
Andreas Nystøl - Ålesund
Even Bønes - Bergen
Sarah-Stephanie Skjoldevik - Haugesund
Steinar Litland - Bergen
Jakob Mannes - Bergen
Hanne Haugland Nesbø - Oslo/Bergen
Thomas Vestbø - Sandeid
Kennet Nordpoll - Ålesund
Helena Haldorsen - Bergen

Marketing Strategist

Marketing Analyst

KULL #2:

I det andre kullet valte vi å skalere opp talet på deltagarar, sidan vi no hadde fått på plass eit opplegg som vi var trygge på at fungerte på ein god måte.



Desse deltok i det andre kullet av Vestlandsakademiet:

Merima Bektesevic – Bergen	Rasmus K. Skjøngh – Ålesund
Håvard Rørtveit – Vindafjord	Oda Camilla Rykkje – Bergen
Maria Benæs Hunvik – Florø	Karsten Løvlid – Viksdalen
Patrick Langeland – Førde	Pål Halle – Bergen
Kristoffer F. Sortland – Haugesund	Magni Rosvold – Voss
Ida Lutro – Lofthus	Vegard I. Feste – Bergen
Marte Å. Ljøkelsøy – Bergen	Tina Totland Jensen – Bergen
Espen Ulvestad Sætre – Ålesund	Jelle Sebastian Bruin – Stavanger
Kristoffer Nieuwejaar – Bergen	Tora Margrethe Eide – Haugesund
Mona K. Vølstad – Stavanger	Joakim Hevrøy – Øygarden / Oslo
Ole Austevoll – Brussel/Austevoll	Sjur Selsvik – Sandnes
Birgitte Karlstrøm – Sogndal	Bjørn Olav Østeby – Bergen / Oslo
Haakon K. Nybø – Førde	

SAMLINGAR

Samlingar i kull 1:

Samling 1 – Kvifor Vestlandet?

Innleiar: Geir Inge Lunde (Styrelseiar / Initiativ Vest)

Samling 2 – Slik vert det grøne skiftet på Vestlandet

Innleiarar: Kikki Kleiven (Bjerknessenteret), Bjørn Sundland (NCE Maritime Cleantech)

Samling 3 – Verdas fremste havregion?

Samling 4 – Vestlandet i framtida (Berekraftige regionar)

Samling 5 – Vi treng røysta di

Innleiarar: Trond Albert Skjelbred / Silje Ulveseth (April PR)

Samlingar i kull 2:

Samling 1 – Vi treng røysta di!

Innleiarar: Trond Albert Skjelbred / Silje Ulveseth (April PR), Geir Inge Lunde (Styrelseiar Initiativ Vest)

Samling 2 – Det grøne skiftet på Vestlandet

Innleiarar: Lars-Henrik Paarup Michelsen (Norsk klimastiftelse) og Tiril Fjeld (Haugaland Næringspark)

Samling 3 – Verdas fremste havregion?

Innleiarar: Nils Gunnar Kvamstø (Havforskingssjef) og Gjermund K. Langset (Bauta Group)

Samling 4 – Kompetanse

Innleiarar: Geir Kåre Resaland (HVL) og Ann Kristin Kristoffersen (NHO Vestlandet)

Samling 5 – Berekraftige regionar

Samling 6 – Valet på Vestlandet

MÅLOPPNÅING

Kva har vi oppnådd?

Når vi skipa Vestlandsakademiet hadde vi tre sentrale målsetjingar:

- a) Sikre deltakarane fagleg påfyll innanfor Initiativ Vest sine tematiske fokusområder,
- b) Sikre deltakarane innsikt i viktige saker, trendar og tematikkar som påverkar Vestlandet, Norge og verda dei neste 10-15 åra. og c) Sikre deltakarane kunnskap og inspirasjon som skal bidra til at fleire unge vestlendingar vert stemmer i samfunnsdebatten.

At det er behov for ein arena som dette, som samlar unge folk på tvers av fylka, alder og bransjar er tydeleg for oss etter to år med akademi.

No har 40 unge vestlendingar vore gjennom eit årleg program med seks samlingar. Dei har både fått praktisk kursing i retorikk og innsikt i viktige trendar og tematikkar som pregar og vil prege landsdelen framover. Det gjev dei i sum ei større verktøykasse for å ta del i samfunnsdebatten framover.

Diskusjonane i akademiet har vore svært gode, og gjennom samlingane er det bygd band på tvers. Samansetnaden av akademiet, som vi brukte mykje tid på å finne ut av, må seiast å vera den største suksessfaktoren. Mange av deltakarane har ved fleire høve sjølv løfta fram dette – at det er skapt eit nytt rom for erfaringsutveksling og drøftingar på tvers – som ein ikkje har hatt før.

På den femte samlinga i det andre kullet laga vi eit notat som vi har publisert. Det gjev eit bilete på kva vi har nytta tid på å lære om og drøfte i akademiet dei to første åra. [Notatet kan lesast og lastast ned her.](#)

- *Det fins utruleg mange flinke unge mennesker på Vestlandet, men me er for dårlig til å bruka kvarandre sin kompetanse og samarbeida. Vestlandsakademiet er eit godt tiltak for å løysa det problemet. Eg har utvida nettverket mitt mykje og lært ein heil del både om meg sjølv og kva slags kompetanse og bedrifter som finnes i regionen vår.*

- **Ida S. Lutro, deltakar i kull # 2**



LÆRINGSPUNKT

EIN ARENA SOM DETTE MÅ IKKJE HA FOR MANGE DELTAKARAR

Eit viktig læringspunkt har vore at akademiet ikkje må verta for stort. I det fyrste kullet hadde vi 15 deltagarar, for å sikre den faglege kvaliteten i akademiet. Til det andre kullet auka vi til 25 deltagarar, og vi trur dette er eit godt utgangspunkt for å skape dei gode samtalene – der alle er involvert.

KRAFTA LIGG I Å SAMLE FOLK PÅ TVERS

Den største suksessfaktoren bak akademiet må seiast å vera grepet vi gjorde med å samle folk på tvers av alder, geografi og bakgrunn/sektor. Dette har ført til ei rekke spanande drøftingar der perspektiv som ikkje elles møter kvarandre så ofte får plass.

VI MÅ GJERA MEIR FOR Å LØFTE FRAM DEI UNGE RØYSTENE

Vi ser at eit viktig bidrag frå Vestlandsakademiet vil vera å løfte fram røystene som tek del i akademiet, slik at dei kan tilføre samfunnsdebatten nye perspektiv. Difor har vi ved fleire høve løfta fram deltagarane på andre arenaer som vi eller våre samarbeidspartnarar har hatt ansvaret for. Blant anna var fleire av deltagarana inviterte til å bidra i samband med Vestlandskonferansen 2023, der ein deltagar til dømes fekk høve til å ta del i ein paneldebatt for fyrste gong.



VEGEN VIDARE

BYGGJE VIDARE PÅ MODELLEN

Vi ser no at vi har funne ein modell som har satt seg, med eit passeleg tal deltagarar og som fungerer på ein god måte. Det vil difor vera klokt på byggja vidare på dette i dei neste kulla. Sjølv sagt vil det vera ting å justere, men hovudlinjene frå dei to første kulla bør liggja fast.

ALUMNINETTVERK

Alle som deltek i Vestlandsakademiet vert ein del av eit alumniprogram. På den måten held vi kontakt med dei, og kan tilby ein arena for drøfting og erfaringsutveksling også etter at sjølv kullet er ferdig. Alumninettverket vil ha eigne samlingar, i tillegg til at deltagarane vil verta inviterte til andre arrangement i regi av Initiativ Vest.

TILSTØYTANDE AKTIVITET

Vi ser at måten vi arbeidat på i akademiet er ein måte å arbeide på som passer godt til kva vår organisasjon skal vera. Det er difor naturleg å vurdere å byggje ut tilstøytande aktivitetar til akademiet, eller å nytte denne arbeidsforma også på andre grupper av folk.

TAKK FOR BIDRAGET

Vestlandsakademiet har dei to første åra motteke prosjektfinansiering frå Sparebankstiftelsen SR-Bank til å løfte opp, og gjennomføre dette prosjektet.

I tillegg mottek Initiativ Vest årleg støtte frå Agenda Vestlandet til drift og utvikling av våre organisasjon. Desse midlane har også blitt nytta til arbeidet med Vestlandsakademiet.

Vi nyttar høve til å takke begge for bidraga som gjer det mogleg å skape ein arena der unge vestlendingar kan møtast på tvers å drøfte utvikling av regionen framover.

Sparebankstiftelsen
SR-BANK



- www.initiativvest.no -




Foto: Truls Lerø